

# "Les Misérables" vart ein suksess!

Stein-Erik Ovesen

**Klokka eitt natt til laurdag var det heilt klart. Publikum hadde sagt sitt: «Les Misérables» vart ein suksess! Bømlø Musikal Laug hadde på nytt fått fram ei kjempeoppleving i Moster amfi! Dette var resultat av ein enorm dugnadsinnsats i kombinasjon med topp profesjonelle krefter.**



På mange vis hadde Bømlø Musikal Laug med oppsettinga av «Les Misérables» lagd lista så høgt at ein rett og slett ikkje kunne mislukkast med dette gigant-prosjektet. Oppsettinga og jobben med dette er så stor at det eigentleg burde ha vore umogeleg for eit amatørteater som Bømlø Musikal Laug. Men samstundes har ambisjonane vore skyhøge, og viljen til å gjera ein kjempejobb på dugnad har vore til stades mellom enormt mange – bømmlingar og unge vaksne også frå mange andre kantar av landet. Berre det å leggja fram detaljerte planar til rettighetshavaren Cameron Mackintosh i London var ein stor-jobb, og det har vore mange runder for å få løyve til å setja opp den fulle sceneversjonen av eit amatørensemble og attpåtil utandørs på ei trang scene. Mange har nok tidlegare gjeve opp planane på dette tidspunktet, men ikkje folka i Bømlø Musikal Laug. Og når endeleg alle avtalar var gjort, var det ein kjempejobb som starta seinhaustes i fjor med å gjera alt klart. Omfattande runder med audition skulle gjennomførast, slik at ein fekk dei rette folka til dei ulike rollane – kva anten det galdt amatørar eller dei profesjonelle som det var trong for til dei mest krevjande rollane. Ein enorm jobb som måtte gjerast med kostymar, scene, scenografi, lyd og lys og mykje annan teknikk, samansetting av orkesteret – og så øvingar helg etter helg og til sist øvingar og førebuingar bokstaveleg tala døgeret rundt i fire veker.

## **Stor kulturell oppleving!**

Ei oppsetting med ein «marknadsverdi» på ti - femten millionar kroner har Bømlø Musikal Laug klart å produsera for rundt 2,5 millionar kroner! Og om ein har måtta gjera ein del «låg-kost-løysingar» undervegs, er vel dette noko som i grunnen berre dei som har vore aller mest involverte har vore klare over. Og for dei truleg over ti tusen publikumarane som kjem til å sjå «Les Misérables» i Moster amfi er resultatet verkeleg profesjonelt – i den aller mest positive betydning av ordet! Framsyninga vart heilt topp, både når det gjeld song og musikk, skodespelarprestasjonar og «settinga» – ja, heile den store, kulturelle, opplevinga! Songen var så vakker og stemninga så spesiell at det var mange gonger «håra reiste seg».

## **Ingenting har vore umogeleg**

Når ein skal skriva om ei slik oppsetting som «Les Misérables» i Moster amfi, er det lett å gripa først og mest fatt i det som skjer på scena. Men utan all den innsatsen som er gjort «bak scena», hadde det ikkje vorte mykje av denne oppsettinga. Som skriva om tidlegare i BØMLØ-nytt, er det gjort eit heilt utruleg stort arbeid med lagging av kostymar og framskaffing av naudsynte rekvisitter og med scenografien. Det er gjort banebrytande bruk av data i oppbygging av scenografien, der ein har kunne planleggja heile oppsettinga tre-dimensjonalt og så laga to-dimensjonale arbeidsteikningar. Og sidan det av naturlege årsaker ikkje finst nokon dreiescene i Moster amfi, måtte ein gjera dei naudsynte scene-endingane på anna vis. Dermed vart haugen til høgre for scena nytta til barrikadering og kampen mot soldatane. Kanhenda ikkje heilt i parisiske gater, men kanhenda i ein parisisk park... Og på for så vidt enkelt, men likevel avansert, vis skifta store deler av husfasadane karakter ved hjelp av skyvevegger og dreibare glas, samstundes som det for første gong var i bruk sceneteppe i Moster amfi. Forresten ikkje berre eitt sceneteppe, men mange – lagvis innover på scena. Det ligg ein kjempejobb bak det å laga sminking og masker til samtlege på scena, og med til dels mange skift undervegs i framsyninga. Slik eg har forstått det, har innstillinga til dei mange som har jobba med tekniske og praktiske ting i samband med denne oppsettinga vore at ingenting er umogeleg. Og det syner så absolutt att!

## **Topp lyd og lys!**

To andre viktige ting ved ei slik oppsetting som dette er lyd og lys. Her har dei to profesjonelle firmaa Norstage og Candela Stagelight vore engasjerte, og dei har hatt med seg topp utstyr. I

samarbeid med regissør og andre i Musikal Laugset har ein laga eit skikkeleg bra opplegg på dette. Ei nærast tallaus mengde trådlause mikrofonar er i bruk, pluss mange andre mikrofonar og forsterkarar og høgtalar og lydmonitorar. Dette har ført til utruleg bra lyd i heile Amfiet, samstundes som lyden har vore godt tilpassa song og musikk, handling og «setting». Med fullt Amfi under premieren verka det som om lyden einskilde gonger fungerte ørlite annleis enn t.d. under generalprøven. Dermed var det nokre få gonger orkestermusikken vart litt for kraftig i høve til songen, men dette «gjekk seg til». Einskilde gonger var diksjonen på nokre av amatørsongarane litt vanskeleg å høyra under premieren, medan det var heilt på topp under generalprøven. Og dermed er det nok «stundens alvor» på premieren som har vore årsak til dette små-«rusket». Også lys-settinga var det høg klasse over. Det enormt store talet på faste og justerbare lyskastarar, pluss følgspot'ar, utgjorde ein vesentleg del av den totale scenografien, ikkje minst etterkvart som dagslyset i starten av framsyninga gjekk over til svart nattemørkre. Ulike fargar og forskjellige intensitetar på lyset gjorde mykje med stemninga, og lyssettinga streka under handlinga og dei stadane publikum til ei kvar tid burde følgja med.

### **Musikalsk prestasjon**

Orkesteret, under leiing av Hans Gunnar Skreslett, har ikkje hatt så lange tida til fellesøvingar og øvingar i lag med ensemblet. Men den tida har dei nytta enormt godt, og det er litt av ein musikalsk prestasjon som no vert framført i Amfiet kveld etter kveld. Berre med ein liten pause på kring tjuve minutt spelar orkesteret samanhengande i tre og ein halv time! Dei spelar vårt og forsiktig og opp i dei store crescendoar, og med stor dyktighet. Orkesteret akkompagnerte songarane på skikkeleg vis heile vegen, og hadde også sine egne små musikalske avdelingar som batt saman handlinga. Songarar og dirigent var heile tida langt frå einannan og utan høve til nokon direkte kontakt. Men dette var ordna på ein fiffig måte: på taket bak publikumsplassane i Amfiet er det rigga til ein storskjerm som gjer at heile ensemblet heile tida kan følgja dirigenten, samstundes som dirigenten heile tida kan sjå på ein fjernsynsskjerm der bilete frå eit fjernstyrt kamera har solistane i fokus.

### **Framifrå prestasjonar**

Når ein så kjem til dei som står på scena under denne over tre timar lange framsyninga, må eg på nytt gå i lista over superlativer. For det første fungerer heile ensemblet utruleg godt i lag, og kvar einskild har verkeleg levd seg inn i rollane sine. Det er engasjement og innleving, alle saman spelar godt, og det heile vert truverdig. Eit stort tal utrulege einskildprestasjonar vert servert gjennom framsyninga, med nydeleg song både av amatørar og profesjonelle. Det vert på mange vis heilt gale å nemna einskild-personar, men det er likevel vanskeleg å koma forbi Amalie Habbestad i rolla som Cosette som barn. Også denne gongen er ho skikkeleg dyktig, både når det gjeld song og skodespel. Ellers er det verkeleg klasse over alle dei profesjonelle som har hovudrollar i oppsettinga! Våre to lokale songarar, Heine Totland som Marius og Sigurd Sele som Enjolras, gjer ikkje skam på heimkommunen sin. Heine Totland syng, som vanleg, svært så godt. Og Sigurd Sele har utvikla røyta si mange hakk sidan eg sist hørde han. I store deler av framsyninga er politimannen Javert (Ståle Ytterli) på jakt etter Jean Valjean (Rein Alexander). Og dei to karane leverer tolkingar som verkeleg tydeleggjer Javert som den sleske, natige politimannen som vil ha tak på den tidlegare fangen sin og Jean Valjean som trass nokre mistak framstår som den trivelege «helten». Elin Hestflått er den frodige Fru Thenardier, medan Helge Jordal er den elleville, litt gale og meir og mindre kriminelle vertshuseigar Thenardier. Under premieren på fredag kveld var stemninga mellom publikum god og positiv, men på sett og vis litt avventande eit godt stykke ut i første akt. Men då ensemblet var samla på vertshuset og Helge Jordal sette i gong med den elleville gjøglinga si, ja då slapp publikum seg laus. Og frå då av var suksessen sikra!

### **Solistar og fellesnummer**

Det som eg set att med som dei største høgdepunkta frå framsyninga, var fleire solonummer ved Rein Alexander som Jean Valjean, Ståle Ytterli som Javert og Britt Synnøve Johansen som Eponine. Dessutan den elleville, showande Helge Jordal som Herr Thenardier. Pluss dei store fellesnummera med heile eller mesteparten av ensemblet på scena, syngande «så taket letta seg». Då var det nydeleg, mangestemt song av eit digert og dyktig «blandakor». Verkeleg flott, var det!

### **Samarbeid og dugnad**

Eg burde ha funne fram ordlista og leita etter fleire superlativer, men eg får heller nytta meg av dei eg har i fingrane i farta. Og det er temmeleg mange superlativer som bør finnast fram når regissør Amalie Nilssen sin jobb skal karakteriserast. Ho har hatt ei særleg god hand med det å nytta heile Amfiet til denne oppsettinga. Det skjer heile tida noko både foran og bak og på sidene for publikum, nede på scena og oppe i dei store kulissane som er bygde inntil fjellveggen. Det er raske sceneskifter undervegs, aktørane flytter på både seg sjølve og kulissar og rekvisitter i stort tempo, men samstundes svært så naturleg og riktig. Ho har fått amatørar og profesjonelle til å dra lasset saman, utnytta det beste i kvarandre og fått ein fin driv og skikkeleg heilskap i framsyninga. Den

nynorske teksten er vakker og god, noko ho har sin del av æra for, og regissøren har fått heile ensemblet til å framføra teksten slik at det med nokre få unntak var særst tydeleg for publikum å få den med seg. Regissøren har også gjort viktige grep med lyssettinga, bokstaveleg tala på nattskiftet dei siste dagane før premieren. Og eg la også merke til at det er utført mange smådetaljar som har med sikkerheten til ensemblet å gjera – der folk klatrar opp bratte stiger, «døyr» på høge toppar og foretek andre krumspring som kunne føra til mannefall undervegs. Heldigvis har ikkje Amalie Nilssen som regissør stått åleine med dei mange store oppgåvene, då ho har jobba tett i lag med mange folk i eit dyktig produksjonsteam med produksjonsleiar Kjell Arne Røksund i spissen. Denne avsluttinga seier då også mykje om det som har gjort «Les Misérables» til ein suksess: ein enorm samarbeids- og dugnadsjobb!